

MOTTATT
03 SEPT 2014

Fråsegn frå Buskerud Mållag om SPRÅKPOLITIKKEN I NRK

Det er viktig at NRK held fast på og utviklar vidare klare språkpolitiske målsetjingar.

Då er det naudsynt å arbeide for:

- å kome opp til 25 % nynorsk i sendingane,
- å halde oppe den positive utviklinga i barnesendingane, der NRK lenge låg langt etter målsetjinga på 25 %, men der det framleis står mykje att,
- å ha ha ei klar målsetjing (nynorskprosenten) òg når det gjeld www.nrk.no,
- å oppmuntre ikkje berre til bruk av dialektar, men òg til bruk av nynorsk normaltalemål,
- å halde oppe desentraliserte kringkastingstilbod og lokale programproduksjonar,
- gje gode vilkår for Nynorsk mediesenter.

Hemsedal 30.8.2014

Styret i Buskerud Mållag


Kjell Snerte

leiar